

Afrikansk perspektiv

Kyrkjevekst i Afrika – dynamikk, inspirasjon, misjon

AV KJETIL AANO

I

Nairobi i juli 1988:

Heile byen summa nytt om ei ung dame som i løpet av dei siste månadene hadde tiltrekt seg store menneskemasser med si utfordrande forkynning og sensasjonelle helbredande verksem. Avisene var fulle av referat frå møtene der både fattige og velståande menneske samla seg. Blant dei mange tusen som regelmessig møtte opp på arrangementa omkring henne, var dei fleste afrikanarar, men kenyanarar av både europeisk og asiatsk opphav var blant dei mest trufaste tilhengarane hennar. Den første veka i juli i år var ho hovudoppslag i fleire av Kenyas nyhetsmagasin. Weekly News brukte omlag halvparten av spalteplassen på henne og det fenomenet ho representerer.¹

Fleire aspekt blei framheva. Ho var ikkje den første, men gjekk inn i ei lang rekke personar som meinte seg kalla og utpeikt av Jesus til å hjelpe menneske, lækja dei sjuke og føra fortapte tilbake til han. Hennar verksem hadde to brennpunkt: Ei glødande overtyding av å vera Jesu tenestekvinne kalla til å representera og utføra hans vilje, og ei like sterke tru på at han gjennom henne kunne helbreda alle slags sjukdommar og plager. Det blei laga eit ikkje lite poeng av at ho var overtydd om at også AIDS kunne han ta bort. Også to andre trekk særmerkte denne unge kvinnas verksem: Forkynninga hennar hadde sterke etisk appell, og bodskapen var klart misjonerande og sprengde stamme- og rasemessige grenser. Blant hennar mest trufaste disiplar var m.a. ein kjent tidlegare sikh, som nå, saman med heile sin familie hadde lagt bort turbanen og klipt håret til vitnesbyrd om at han trudde på Jesus.

II

Med utgangspunkt i forteljinga om denne unge kvinnen frå Kenya, vil eg i denne artikkelen prøva å peika på noen trekk ved afrikansk kristendom som for tida synest framtredande. Det seier seg sjølv at det innafor ei ramme som dette, må bli svært generelt, og lite fyldestgjerande for det utrulege mangfaldet situasjonen innafor eit stort kontinent framviser.

1. Dei kristne kyrkjene veks fortsatt i Afrika. Veksten fordeler seg ulikt. Men alle slags kyrkjesamfunn opplever vekst, både historiske kyrkjer og nyare rørsler.²

Mest spektakulær er likevel framveksten av den fullstendig uoversiktelege floraen av kyrkjesamfunn og rørsler som ein i mangel av noe betre lenge kalla African Independent Churches. Dette kling ikkje lenger godt. For etter kvart er også tidlegare «dependent» kyrkjer blitt like uavhengige. Ein har forsøkt å gi rørslene namn som Non-White Indigenous Churches³ eller New Religious Movements,⁴ utan å ha fått skikkeleg gjennomslag for noe av dette. Men rørslene har utan tvil på si side slått igjennom. David Barrett sine statistiske oversyn i *International Bulletin of Missionary Research* syner at det i 1988 er fleire medlemmer i desse rørslene enn det er anglikanarar i verda.⁵

2. Desse kyrkjene representerer eit stort mangfald. Likevel er det råd å peika på visse trekk som er representative for dei. Bengt Sundkler ga i si grunnleggande studie, *Bantu Prophets in South Africa*⁶ uttrykk for frykt for ei aukande paganisering av rørslene, d.v.s. ei aukande vekt på heidenske element. Det har ikkje skjedd. Som fenomen har dei tvert imot nærma seg tradisjonelle kyrkjesamfunn på fleire punkt. Dette har vore så framtredande at Sundkler sjølv har trekt heile klassifiseringa av desse rørslene som eit eigenarta fenomen i tvil.⁷ Her undervurderer nok Sundkler sitt eige arbeid. Men det er skjedd ei påfallande tilnærming mellom historiske kyrkjer på den eine sida og mange slike rørsler på den andre. Dette har funne stad frå begge sider. Eg skal framheva desse momenta:

- Det har skjedd ei påtakelg kontekstualisering av form og praksis i ei rekke historiske kyrkjer. Mange kyrkjer arbeider med vite med å relatera sin teologi til den sosiale og religiøse røyndommen dei lever i.⁸ Gudstenesteliv, sang og liturgi er også i mange

historiske kyrkjer prega av lokale uttrykksformer i ein grad som ein for bare eit par tiår sidan knapt kunne forestilt seg.⁹

- Kyrkjearkitektur og utsmykking blir ofte ei underleg blanding av impulsar frå sendarlanda og lokale element, der særleg økonomiske realitetar set grenser for utfaldinga. Men også innafor dette feltet, med dei avgrensingane som er gitt, har det skjedd ein del.¹⁰

- Også når det gjeld struktur og leiarskap av historiske kyrkjer, finn det stad endringar. Eg har ikkje kome over særskilde studier av dette, men erfaring frå Madagaskar peikar tydeleg på at når kyrkjer blir uavhengig av misjonen, overtar ein nok – og held ofte med påfallande konservatisme fast på – formelle strukturar. Men dei kan likevel endra karakter og bli tilpassa lokale realitetar. Eller formelle strukturar kan tømmast for reelt innhald og bli erstatta av andre meir eller mindre skjulte maktstrukturar som veks fram under og ved sida av dei formelt vedtatte.¹¹

- Eit anna område der mange historiske kyrkjer tar opp i seg drag som lenge var forbeholdt dei «uavhengige», gjeld tilhøvet til røyndomsbiletet, årsakssamanhangar, i det heile relasjonen til det totalreligiøse universet Afrikas landsbybefolkning ennå lever i. Også frå Afrika har ein ofte hausta den erfaringa at mange kristne lever eit todelt liv.¹² På den bakrunnen har mange kyrkjesamfunn etter kvart akseptert ein del trekk som var misjonærane framande: draumar og draumetyding,¹³ tru på djevlar og demoner og utdriving av dei,¹⁴ lækjing av sjukdom, bruk av heilagt vatn osv. Noen kyrkjer har også avfunne seg med at det finst karismatiske tverrstrukturar innafor sine grenser.¹⁵ Denne prosessen foregår fortsatt, og har ikkje alltid vore smertefri. Men det er uunngåeleg for kyrkjene å prøva å relatiera si verksemد til dei utfordringane som spring ut av deira møte med vanlege menneskes kvardagsliv og røyndomsforståing.

3. Også på den andre sida, blant dei nyare kyrkjene og rørlene, er det endringar på gang. Ein heil del av desse kan nok tilskrivast den etableringsprosessen som spontane eller meir karismatisk oppstårte rørsler med tida gjennomgår. Men også følgande trekke må peikast på:

- Fleire av desse kyrkjene som i utgangspunktet blei forstått som uavhengige av alt anna enn leiaren og hans/hennar visjon, har etter kvart knytta kontakt med utanlandske eller internasjonale organisasjoner eller kyrkjesamfunn, og får organisorisk og øko-

nomisk støtte gjennom desse.¹⁶ Sundkler har vidare i ei seinare studie påvist at desse rørlene ikkje i den grad mange har meint, er eit nytt og unikt fenomen i kyrkjehistorisk samanheng, men at det heller er omfanget som er unikt. Han har også peikt på - med dårleg skjult brodd mot David Barrett sine teoriar¹⁷ - at dei slett ikkje har oppstått ved eit historisk sett tilfeldig samanfall av ei rekke ulike faktorar, men tvert om har tydelege historiske røter, og kan førast tilbake til innverknad frå predikantar frå karismatiske grupperingar frå Midtvesten i USA frå midt i forrige hundreår.¹⁸

Det er altså tydeleg at det foregår ei tilnærming mellom dei to gruppene eller typane kyrkjesamfunn i Afrika. Likevel er det forsvareg å skjelna fenomenologisk mellom dei. På ei rekke punkt skil dei seg frå kvarandre. Både historisk, strukturelt og innhaltsmessig er det viktige skilnader. Det synest i dagens situasjon likevel meir interessant å peika på korleis desse rørlene som fenomen og historisk tradisjonell kristendom har nærma seg kvarandre. Trass i ulikskapane som her er påpeikt, er det i dag glidande overgangar frå rørsle til kyrkjesamfunn.¹⁹

III

Denne veldig religiøse dynamikken med kristent forteikn i Afrika - i kva grad kan ein hevda at den slår ut i utadretta misjonerande verksemrd? Er det grunn til å tru at afrikansk kristendom kan koma til å tilføra den kristne kyrkja meir liv også utanfor kontinentets grenser?

For mange kyrkjer, og særleg for mange av dei såkalla uavhengige kyrkjene, skjer det meste av veksten så godt som alltid innafor ei bestemt etnisk gruppe, geografisk eller kulturelt. Men det skjer også ei ny utvikling i det det veks fram misjonsstrukturar som går på tvers av dei gamle, som gjekk frå nord til sør.²⁰ I dag er det mange asiatiske og afrikanske kyrkjer som er engasjert i regulært, organisert misjonsarbeid. Sett i forhold til talet på kristne, er det likevel lite. Ei rekke ytre faktorar er med å forklara det, både økonomiske, geografiske, sosiale/sosiologiske og historiske.

Nå er det trekk som tyder på at ein del av dette er i ferd med å endra seg. Men det er sterke barrierer å overvinna. Utover dei historiske og økonomiske forholda, spelar sosiale strukturar ei svært viktig rolle. Dei fleste afrikanske kyrkjer er på eit eller anna vis knytta til bestemte etniske grupperingar. Den misjonsverksemda

ein driv, er gjerne arbeid for å nå «bortkomne sauer» av eigen flokk. Den lutherske kyrkja i Tanzania driv arbeid i Kenya på denne måten. Ei nigeriansk «aladura» gruppe (tilsvarande «zionistane» i Sør-Afrika), Celestial Church of Christ, har oppretta misjonsarbeid i Europa av same grunn.²¹ Nenilava sine læresveinar i Frankrike driv eit aktivt arbeid der, men bare blant folk frå Madagaskar. I dette perspektivet blir ungjenta frå Kenya som eg fortalte om innleiingsvis, sett i relief: Hennar verksemd bryt klart med etniske og rasemessige skiljelinjer. Akkurat her ligg ein av dei store utfordringane som afrikansk kristendom står overfor.

Også på det sosiale området er utfordringane enorme. Afrika står overfor tilsynelatande uoverstigelege sosiale, økonomiske og politiske problem. Spelar dei kristne kyrkjene overhovudet ei rolle i denne samanhengen? Det gjer dei, på mange ulike måtar.²² Det vil vera rett å hevda at det går eit relativt tydeleg skilje mellom historiske kyrkjer som gruppe på den eine sida og nyare rørsler/kyrkjer på den andre. Den første gruppa har mange sterke profetisk/etiske tradisjonar å ivareta. Kyrkjene i Kenya og Kyrkjerådet på Madagaskar har i mange tilfelle vore den einaste røysta som har våga å påpeika urett og skeiv politisk utvikling.²³ For mange av dei nyare rørslene har dette vore ei framand sfære, trass i at dei ofte oppsto i sterk spenning til styremaktene. I den grad dei har fokusert på sosiale problemstillingar, har det gjerne skjedd ved at dei prøver å skapa eit alternativt univers eller alternative «åndelige» strukturar som skal forløysa folket eller gjera dei eksisterande strukturane irrelevante.²⁴

IV

Den kristne kyrkjas suksess i Afrika er ikkje eintydig. Også andre religionar går fram, særleg islam. Sekularisering gjer seg stadig sterkare gjeldande blant store folkegrupper. Likevel vil truleg Afrika sør for Sahara i tida fram mot årtusenskiftet meir og meir framstå som kyrkjas sterkeste bastion. Kanskje kan rekrutteringa til presteyrket vera eit teikn som peikar på i kva grad kyrkja har slått rot, og kanskje kan ein tillata seg å bruka den katolske kyrkja som eit slags barometer, i det den krev at prestane skal leva i solibat, ei livsform som manglar parallelle i tradisjonelle afrikanske samfunn. Madagaskar har til nå vore avhengig av prestetilførsel utanfrå. Dersom rekrutteringa som har skjedd dei siste ti åra, held fram, og det er det all grunn til å tru, vil den katolske kyrkja på Madagaskar vera

sjølvforsynt med prestar innan 1992 og kunne «eksportera» over halvparten av dei utdanna kandidatane innan år 2000.²⁵

Kyrkja i Afrika sin framgang har menneskeleg tala vore knytta til mellom anna to viktige faktorar: Ho har makta å tiltala menneske som lever i ei totalt religiøs forestillingsverd, og ho har makta å tilpassa kyrkjelivet til kontinentets sosiale og etniske strukturar. Dette vil truleg for Afrikas del fungera i lang tid framover. Men skal noe av dynamikken, inspirasjonen og krafta i Afrikas kyrkje kunne spilla over, så å seia, og førast tilbake til åndsfattige kristne i andre deler av verda, må den kunna lausrivast frå desse faktorane. Samstundes som essensen av det nettopp er det som krafta ligg skjult i. Dersom det ikkje kan skje, vil det som har blitt afrikansk kristendomsforms særlege velsigning og styrke, visa seg også å bli dens begrensning.

NOTER

1. *Weekly News*, den 08.07.88.
2. *International Bulletin of Missionary Research*, 1/1988, der statistikken for 1987 er gjort tilgjengeleg, samla og presentert av David B. Barrett.
3. Dette er den nemninga Barrett bruker i nemnde statistiske oversikt.
4. Harold Turner og hans institutt i Skottland.
5. Barrett i nemnde artikkelen.
6. London 1948. 2. utg. London 1964.
7. På ein konferanse i Uppsala august 1984 med tittelen: Religion, Development and African Christian Identity. Sjå også rapporten frå møtet med same namn.
8. Dette skal bare nemnast her. I tillegg til at ei rekke fagteologar drøftar dette, m.a. i fleire EATWOT-konferansar, er tallause artiklar skrivne t.d. i *Africa Theological Journal* frå luthersk side og *AFER: African Ecclesial Review* frå romersk-katolsk side. Like viktig som den teoretiske drøftinga av dette er det eksistensielle møtet mellom kyrkja sin bodskap og levande menneske si umiddelbare forståing av dette. Kjetil Aano: «Stadeigengjerning», i Presteforeningens studiebibliotek nr. 25, s. 149ff. Se også Paul Jenkins: «The Roots of African Church History: Some Polemical Thoughts», *International Bulletin of Missionary Research*, 2/1986.
9. Femmes Pour Christ i Kamerun si dansande glede under feiring av luthersk gudsteneste i Kamerun er eit godt døme på det.
10. LVF har hatt ein kommisjon som har arbeidd med kyrkjehus i Afrika der nettopp dette har vore fokusert.


11. Frå USA foreligg det påvisningar av faktiske skilnader mellom «svarte» og «hvite» kyrkjer på dette punktet.
12. Jfr. Asle Jøssang: «Kristendommen som relevant religiøst system», *NOTM*, 1/1988, s. 35–43.
13. K. Aano: «Draum og visjon i afrikansk kyrkjeliv», *NOTM*, 4/1983, s. 241–48.
14. *Exchange*, nr. 41, September 1985, har ein veldig interessant og tankevekkande oversikt over måtar dette er blitt forstått og takla på. Interessant er også tidlegare erkebiskop Milingo i Lusaka sine skrifter om si forståing av demonar og deira plass i afrikansk kyrkjeliv. Se Milingo: *A world in between*, New York 1985.
15. Madagaskars Lutherske Kyrkje tillet dette ved å gi dei ulike såkalla vekkingsrørlene rom innanfor kyrkjestrukturen. Jfr. K. Aano: *Mellom Kors og Fedregrav*, Oslo 1984, s. 171–195.
16. David Shank: «Mission Relations with Independent Churches in Africa», *Missionology*, 1/1985, s. 23–44.
17. *Schism and Renewal in Africa*, London, Nairobi 1968.
18. *Zulu Zion and Some Swazi Zionists*, London 1976.
19. Det beste dømet er Kimbangiust-kyrkja i Zaire, men også t.d. Disciples du Seigneur på Madagaskar har etter kvart tileigna seg ei rekke drag av organisert samfunn.
20. Pate og Keyes: «Emerging Missions in a Global Church», *International Bulletin of Missionary Research*, 4/1986. Se også temanummeret «Afrikansk mission» i *Missionsorientering*, 1/1988.
21. Hans-Jürgen Becken: «Die Himmlische Kirche Christi: Eine Afrikanische unabhängige Kirche in Mitteleuropa», *Zeitschrift für Mission*, 1982, s. 98–103.
22. K. Aano: «Kalvar er fødde med øyrer. Først seinare får dei horn», *NOTM*, 2/1986.
23. Londsdale: «The Emerging Pattern of Church and State Cooperation in Kenya», i *Christianity in Independent Africa*, London 1978. Rapport frå siste stormøte arrangert av Madagaskars Kristne Råd, FFKM, Fianarantsoa 1987.
24. Slik legg ein seg åpent for politisk misbruk, noe som regimet i Sør-Afrika veit å nyta seg av i høvet til ei rekke Zionistiske organisjonar. Jfr. K. Aanos artikkel i note 22.
25. Rapport frå rektor ved Grand Seminaire AMBATOROKA til FIETO, Madagaskars Kristne Råds kommisjon for teologisk utdanning, Tananarive den 7. mai 1988.

**African perspective: Church growth in Africa –
dynamism, inspiration, mission**

This review of recent developments within African Christianity describes the continued growth in both historical churches and more recent (independent) movements, and suggests that the two are to some extent converging. If the dynamism of African Christianity is to play a more prominent part in the life of the worldwide church, two major challenges have to be faced: The ability to transcend the ethnic and cultural setting within which the churches live, and adequate responses to ethical challenges on both social and individual levels. If so, the church of Africa may play an increasingly prominent part in the life of the universal church.

WILLY A. KIRKEBY

**ENGELSK-NORSK
ORDBOK**



**English-Norwegian
Dictionary**

En helt ny ordbok, uunnværlig
for alle som leser engelsk! •
Omfattende og helt oppdatert
innhold • Pålitelig med sine
mange, grundige forklaringer.
• Hendig format.
780 sider. Kr 285,-

UNIVERSITETSFORLAGET